

# REVIDERTE KULTURLANDSKAP

Svar frå Hordaland fylkeskommune 18.2.16

## Indre farleia

Uendra, men skal endrast.

## Byfjellene

Innkorta areal, skildring følgjer seinare.

## Fitjarøyane

- Innspel frå Bømlo om å ta bort Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo er utført. Nautmiljø og steinalderbuplassar fell då utanfor, men dette svekkjer ikkje kulturlandskapsområdet sin verdi mykje.
- Innspel frå Bømlo om å ta bort området rundt Fitjar sentrum er vanskeleg. Her ligg dei dyrkbare flatene som er grunnlaget for høvdingsetet som vaks fram i bronsealderen. Det er etter dette vi har dei mange imponerende gravrøysene ved sund og straumar når ein nærmar seg maktsetet på Fitjar.
- Forslag frå Bømlo kommune om omlegging av grense til vest for Kråko/Kalveid dels teke til følgje. Det har vore eit rom for tilpassing, men sunda og straumane gravrøysene ligg ved er umisselege deler av kulturlandskapsområdet sin nasjonale interesse.
- Fitjar sentrum kan vanskeleg takast heilt ut. Dei grøderike flatene her, og dei andre landressursane som trevirke o.a., må ha vore avgjerande for å kunne oppretthalde maktsetet her.

## Søre Bømlo/Hespriholmen

- Innspel frå Bømlo kommune er forsøkt imøtekome. Vurderingane er utfordrande, ved at mangel på funn truleg skuldast manglande utbyggingsplanar. Potensialet for funn er mange stader høgt.
- Området aust for motorvegen er forsøkt innsnevra, det same gjeld området sørvest for Kristifjellet og Djupvatnet.
- Det kan vurderast å gjere eit skilje lang fylkesvegen, til Langevåg, og så til dømes til Kristifjellet.

## Etne

- Revidert forslag følger kulturlandskapstypen frå vatna i aust og til Etneelva/Sørelva i vest. Terrassane er då framleis med, det same er skråningane og gjerne ein buffer framom denne.

## Rosendal

- Fjellområda kring Muradalen har nasjonalparkstatus eller er landskapsvernområde, dermed kan området kortast inn her.
- Snilstveitøy gjev livd for ver og vind, og dermed gjeve vilkår for samlingsstaden Skåla, og båtbyggingstradisjonane i Skålafjæra. Vetten ligg også her.
- Guddal (og Hjelmeland) kan takast ut, men bygdene her på strandbremmen høyrer naturleg saman landskapsmessig og kulturhistorisk.
- Stølane i Melsdalen er ikkje vurderte som særskilde i nasjonal samanheng, og kan takast ut slik at området her begrenser seg til dyrkingslandskapet og dei næraste fjellsidene. Dei siste er viktige i lys av det nasjonalromantiske aspektet ved landskapsområdet.

## Indre Sørfjorden

- Grensene for kulturlandskapet følger no bebyggelsen og kraftlinjene, altså dei menneskeleg inngrepa som har teknisk-industriell bakgrunn. Arealet er vesentleg minska.

## Ytre Sørfjorden

- Grensene følger no i større grad synsranda. Dette kulturlandskapet er heilt sentralt i vår forståing av det nasjonale. Difor er grensa i sørvest trekt til innpå Hardangerjøkulen. Grensene langs fjella følger ryggane, og femner med det vårstølane og berre ein av eggestølane – Solbjørg. Viktige slep går til fjells frå Ystanes, Lofthus og Espe.
- Liene har dessutan eit særleg høgt tal skålgroper i nasjonal samanheng.
- Arealet er ikkje vorte mindre. Grunngevinga for dette er at det nasjonalromantiske er vektlagt sterkare enn før.

## Eidfjord

- Arealet følger no dalbotnane, langs dei gamle ferdslevegane, til fjells. I fjellet er stølar, jernvinneanlegg og gravhaugar teke med.
- Fossli hotell og vegen dit rammar inn eit av dei mest ikoniske nasjonalromantiske landskap i landet.
- Areal sør for Fet som er regulert til slalåmanlegg og hyttegrend er teke ut.